



H. Aanestad, «Bondevennen» personleg. Alle fotografia til dagboka er frå fotosamlinga etter Hans Aanestad.

DAGBOK FRÅ KRIGSKVARDAGEN

TOBIAS SKRETTING

Hans Aanestad åtte og dreiv garden på Kvia, den som i dag er museet sin gard. Han budde heime på Kvia, men hadde sitt daglege arbeid i Stavanger som redaktør av landbrukstidsskriftet «Bondevennen». Aanestad nytta toget til og frå arbeidet i byen.

I Aanestad sitt bu var det m.a. to små bøker med daglege notater frå tida fredag 28. januar 1944 til måndag 12. mars 1945. Tobias Skretting fekk bøkene av Sigve Romslo. Dei er nå avskrivne på maskin og leverte inn til Jærmuseet.

Bøkene inneheld daglege meterologiske notater og lokalt nyhetsstoff blanda med personlege kommentar. Innimellom finn ein også opplysningar om gardsdrifta, litt om kvardagslivet under krigen og av og til ein liten vits med brodd mot tyskarane og deira handtlangarar.

H.Aa. hadde god kontakt med avisfolk og dei daglege nyhetene. Busett i bygdemiljøet på Kvia med krigsmakta tett innpå seg i si eiga utmark, som dagleg togreisande og som pressemann i Stavanger, må ein gå ut frå at han var ein av dei som var best orientert. Sjølv om kvardagen under krigen svirra av rykter og nyhetsbiletet var sterkt farga av propaganda, er det nyttig og interessant å kunna finna att desse autentiske augneblikkbileta frå ei slik kjelde.

I denne artikkelen har me plukka ut litt av stoffet, bunde saman i nokre avgrensa emne. Aanestad skriv på riksmål og sitata frå dagboka er i hans eiga språkdrakt.

JORDBRUK

Aanestad har notert opp korte setningar frå arbeidet på garden gjennom sesongen 1944. Me skal ikkje her ta med detaljane, men nokre hovudopplysningar kan vera av interesse. Han skriv ikkje mykje om husdyra, men me får desse opplysningane:


- 5.4. I går forsvant en sau sporløst fra oss – naturligvis stjålen av tjuapak i nærheten.
- 27.4. Fått alle lam, i alt 31 levende og 1 dødt: 1 trillinglag, 5 enkeltfødsler, 12 tvillingfødsler.
- 16.5. Klippet sauene i dag.

27. juli skriv han i dagboka:
Reiser i dag på heiatur.

Då tek han ein pause i dagbokskrivinga til 14. august.

Om sauene:

- 6.3. I natt fikk vi de første lam – 3 under en sau.



Kyr på Kvia. Biletet er tatt på «Vodlen» før denne vart fulldyrka, og syner at tidlegare var det steingardar langs vegen her.

Om kyrne

er det berre to korte opplysningar i heile dagboka. Me kan vel sjå dette i samband med at fjosstellet i den tida var typisk kvinnfolkarbeid.

15.5. Kyrne ute 1. dag.

30.5. I natt var kyrne ute for første gang om natten.

Om planteavl

er det råd å samla saman ganske mange konkrete opplysningar. Det vart dyrka kveite, havre, bygg, potet, roer, kålrabi, gulrot, mainepe og tobakk. Attåt dette sjølvsagt beitegras og eng til høy, også småhøy frå reinane. 14. april var første sådagen. Kort og fyndig notert: *Kveiten sådd i dag.* 21. april noterer



Klar for kornhaust. Slåmaskinen med meieapparat ved løa på Kvia. Jenta som sit oppå er truleg Anna, halvsyster til «Bondevennen».

han fornøgd at dei satte 5 mål poteter i dag med bare 3 settere og 1 kjører. Resten bare 2,2 mål. 3 mål Forus og 2 mål «180». Og det går vidare slag i slag til mainepa vart sådd 19. mai.

Frå slåtten tek me med:

5.7. Begynt slåtten.

8.7. Begynte i går å slå Nordre hage og hesje. Svær kløver.

9.7. Søndag. Har igjen å slå en hesje i Nore hage samt Trikanten og diverse reiner.

11.7. Høiet i går de første 9 lass.

19.7. Slo av i dag.

21.7. Hjemme på høysjau. Høyning og såting – fikk

småhøyet i såter: Trianten, Nordre Vollen, en rein og fjoshagen.

24.7. *Høyet 14 lass småhøy.*

26.7. *Har nu igjen å høye ca. 10 lass på hesje. Har hittil fått inn 75 lass.*

Etter å ha jamra og klagd frå dag til dag over ein heller kald og våt forsommar, er han meir fornøgd med ver og vokster etter som dagane går. Og når «Bondevennen» er fornøgd, kan ein trygt gå ut frå at det var med god grunn. Han var helst kjend for å skildra verda i mørke fargar, med unntak då av skiltringane frå dei årvisse heieturane sine.

27.6. *Etter de siste par dagers bedre, varmere vær, har all plantevekst plutselig fått et mer levende skjær.*

4.7. *Hittil eneste virkelig varme dag i sommer. Beitene og ellers all plantevekst har kommet seg fantastisk de siste dager, også tobakken.*

7.7. *Fantastisk vekst på alt.*

14. august, første notering etter heiatu:

I den forløpne tid har det vært varmt, fint vær – tildels natteskodd. Høyet fikk vi inn torsdag 27. juli. Byggskurden begynt lørdag 12. august. Byggen helt dauskjær – burde vært skåren før. Tobakk, gulrøtter, rotvekster i flott vekst. Tørråten begynt på potetene. En og annen legdeflekk i havren.

Me tek også med nokre interessante einskildnoteringar:

12.3. *En hel del vibe er kommet.*

26.5. *Har nu skåret torv 3. dag. (Alt som står om torv)*

24.8. *Varmebølge i går e.m. På Jæren +24 gr. og*

i natt ikke lavere enn 20 gr. Kl. 14 var det +27 gr. og kl. 18 viste termometeret på kaien +30 gr.

I går kveld uhyre masse av flyvemaur på vingene i marken hjemme. Vi måtte rømme for dem.

2.9. *Under tordenværet torsdag slo lynet ned i en kornhesje på Nærland.*

19.9. *Kveiten inn i dag, og dermed alt korn berget. 2 store stakker.*

21.9. *Foruspoteten gav omlag 3426 pr. dekar. God til i år å være.*

7.10. *Ferdig med potetoptagningen hjemme.*

11.10. *Pløying begynt.*

14.11. *I går kveld naturfenomen på Jæren: Det regnet fra absolutt klar himmel.*

16.11. *Byggavling over 342 kg. pr. dekar.*

14.12. *Ferdig med treskingen, havre og hvete.*

26.12. *Biene ute og svermet i dag.*

1945

27.2. *Lerken kommet forrige uke. Likeså ringgåsen.*

10.3. *Fremdeles veldige sildemengder ut for Jæren.*

HANABERGET/KVIALEIREN

Me skal her ta med oppteikningar om slikt som hende frå dag til dag kring dørene på Kvia, i kronologisk rekkefølge. Det verkar som om tyskarane var noko i villreide om korvidt dei skulle satsa på forsvarsanlegga i Audamotlandsmarka eller ikkje. Det er også tydeleg korleis rykta om V2-bomba vert knytta saman med den hektiske anleggsdrifta.

H.Aa. skriv Ødemotland/Audamotland ommanidom, og me let det stå slik.

TOBAKK

Røyketobakk var mangelvare under krigen. Rasjonane var små, og tilbodet svært uregelmessig. Og dyrking av tobakk til eige bruk vart snart vanleg. Tobakk var også etterspurd på den frie marknaden og eit godt byttemiddel.

Tobakken vart dyrka på friland, planta ut omlag som ein plantar kål. Plantene vart helst kjøpte hjå slike som dreiv med oppal i drivbenk. Etter innhausting vart dei hengde til turk inne, på løa eller på opne loftsrom. Det var nok fleire slags amatør-oppskrifter på prosessen vidare, men det vanlegaste var nok å nytta seg av tilbodet frå tobakksfabrikkar som tok imot på leigebasis. Då fekk ein att ferdig karva tobakk i øskjer og betalte samstundes den vanlege omsetningsavgifta.

Sjølv hugsar eg korleis far putla med tobakken sin. Det var eit eller anna med innsausing av blada, oppvarming i steikeomnen og samanpressing i blokker. Men eg hugsar også korleis nabomannfolka hadde ærend til skulestova nettopp den dagen då far (læraren) hadde fått heim tobakk frå fabrikk. Då var dei fjåge kan de tru!

Det var som ein heil seremoni når far skulle røykja. Han sette seg godt tilrette først. Så tok han fram silkepapir som han hadde tigga til seg hjå herrefrisøren i Farsund, slikt som vart nytta over akslene på kundane i klippestolen. Av dette reiv han eit passeleg rullepapir. Så tok han ein snei av tobakksblokka og gnura i handa, fetla papiret rundt og samla heile bunten saman med rikesleg slikking. Så var det tid for kveiking og gode smatte- og

blåselydar. Heile seremonien var som ei fredeleg andaktsstund som sette både far sjølv og oss borna i ei god, stille kvilestemning.

Også Hans Aanestad dyrka tobakk og har ei og anna opplysning om dette i dagboka.

Den 1. juni skriv han: *Plantet tobakken, 250 planter idag.* Og han rapporterer med tydeleg glede om *fantastisk vekst på alt, også tobakken.* Den siste tobakksnoteringa i dagboka finn me 30. september: *Størstedelen av tobakken høstet og opphengt.*

50 år er alt lenge sidan. Kanhende ein kommentar til «Ekstraskatten på tobakk» frå Stavanger Aftenblad 12. oktober 1946 kan vera ei nyttig påminning i så måte:

«Et gammelt ord sier at den som ikke eter seg mett, kan ikke slikke seg mett. Det ser dog ut for at vår gode arbeiderregjering ikke unnses seg for å slikke arbeidernes tallerkener for å få seg den siste rest som fins. Var det ikke så bittert, kunne man fristes til å le av det hele. Her settes et svært apparat i gang som resulterer i et 5-øres tillegg pr. time. Kort etter blir det lagt en stor ekstraskatt på tobakken, praktisk talt det eneste nytelsesmiddel en arbeider har. Det må vel være å gi med den ene hånden og ta dobbelt igjen med den andre.»

Jau, jau, det verkar på ein måte heilt dagsaktuelt. Me er mange som kjenner oss att i slike hjartesukk. 50 år er kanskje ikkje så lenge sidan likevel. Og det fins ingenting nytt under sola!

18.4. 3 svake drønn fra Hanaberget og et voldsomt, tungt drønn langt i sydøst.

Festningsanlegget på Hanaberget skal no demonteres. Man er i al fall i ferd med å ta vekk piggråden og ta opp minene.

20.4. I går holdt tyskerne på å demolere Hanabergfestningene – kanonstillinger og bunkers.

22.4. Etter at tyskerne hadde sprengt kanonstillingene på Hanaberget, ble det plutselig ombestemt igjen, så nu skal det ikke demolerers. I går var man oppe med et lytteapparat.

13.5. Det voldsomme drønn vi hørte torsdag kveld, var en jordmine på Hanaberget som sprang. En gimmer tilhørende Gabriel Ødemotland for samtidig til himmels. G. ble flygende sint og ga tyskerne inn etter noter, og allerede kl. 7 om morgenen igår var de i gang med å gjerde.

23.5. Tyskerne begynner nu å stille ut et eller annet på Ormhaug og Revebakken i Auamotlandsmarkjo.

4.6. En tysker sier at det blir et større anlegg i Audamotlandsmarkjo. Det blir ikke ferdig i 1944.

14.7. I dag reiste tyskerne på Ødemotland til Bryne. En marineavdeling skal komme igjen.

21.7. Soldatene på Audamotland flyttet i dag. Nye skal komme om 2 måneder – men det blir ingen ting av. Da soldatene bad Gabriel om å få låne en hest til å transportere en kanon med og han svarte ja med glade miner, ble de snydens fornærmet, fordi han viste seg glad.

17.8. I går kveld og natt holdt tyskerne fyllefest på Jadarheim. Antagelig skal noen reise til fronten. Fælt leven hele natten, bråking, spying og ufyse i det hele.



Søren Ødemotland (t.v.) og Tobias Kvia, søskenbarn til H.Aa og morfar til artikkelforfatteren, fotograferte i havreåkeren på Audamotland, ovan om Vigreskogen. Hanaberget med kommandobunkers i bakgrunnen.

23.8. Tyskerne – 160 marinefolk – skal no som kamuflasje begynne å rote i utmarken hjemme og hos Gabriel Ødemotland. De kjører frem materialer til barakker o.s.v.

27.8. Tyskerne setter nu opp et langt «gjerde» fra T.T.Kvia til Vardaskjeringen langs jernbanelinjen for at de reisende med toget ikke skal

få se arbeidet med det nye jernbanespor som stikkes ut fra jernbanen og vestover tvers over utmarkene. For noe stortull. Neste mandag skal det begynnes med en blanding av norske og tyske arbeidere og rotter, et deilig pakk å ha i nærheten av sauer, hester og kviger.

1.9. I går ble det kjørt en mengde barakkematerial i Auamotlandsmarken og lastet av der.

7.9. En tysker sa i dag at hvis Siegfriedlinjen holdt, ville krigen bli langvarig, hvis ikke var det slutt før jul. Han mente at det nye såkalte hemmelige våpen var av elektrisk art, fjernstyrt elektrisk bombe el lignende.

21.9. Jernbaneskyts til anlegget i Kvia-Ødemotlandsmarkene er ankommet til Sandnes. Veldig arbeid på anlegget. Grusing av linjen påbegynt.

22.9. Full fart på jernbaneanlegget hjemme. Der skytes og gruses. En mengde tyske marinearbeidere er kommet og er tatt inn på Bedehuset, mer skal komme.

8.10. Arbeidet med ringbanen i Kvia-Audamotlandsmarkene går fremover. Spor er lagt et stykke ut i Audamotlandsmarka og 2 store mannskaps- samt en arbeiderbarakke er reist. Stor valfart av skuelystne – ingen vakt.

11.10. I natt flere ganger svære mineringssalver på den store bunkers i Hanaberget.

15.10. Tyskerdævlene har nu rasert skiftegarder mellom Kvia- og Ødemotlandsmarkene på et langt stykke, stjeler steinen til fyll i barakker og klipper av tråden.

22.10. Tyskerne begynner nu å presse seg inn i husene hjemme. Hos oss har de ikke vært enno.

Arbeidet i utmarken stadig mer omfattende, men det yntes om at det skal være feil beregnet. På Hanaberget arbeidet de i natt og hele dagen i dag.

29.10. I går tanksøvelser hjemme. Hos meg holdt de til på Volden, men gjorde ikke særlig skade – unntatt lestolpene som ble nedkjørt.

3.11. Tyskerne har nu begynt å flytte inn i barakker i Auamotlandsmarkjo.

7.11. Lynet slo ned mange steder omkring Stavanger i går, samt i en tyskerbarakke i Auamotlandsmarken hvor mange ble svimeslått.

9.11. Kanonjernbanen i Audamotlandsmarkjo blir ikke ferdig før jul, sies det.

11.11. Det er nu nokså sikkert at anlegget i markene våre skal bli utskytningbasis for V2 – hyggelig naboskap.

25.11. Olav Høyland har nu fått brutal ordre fra de tyske tølper, at han hurtigst må rive ned sitt våningshus – løen skulle de selv greie med – den skal naturligvis sprenges. – For et pakk – for en ynkelig tølperaktighet nu, når de vet, at de med hurtige skritt går imot helvete.

26.11. I dag skuet tyskerne en hel jernbanevogn med diverse møbler ut til barakkebyen i Auamotlandsmarken. Vognen gikk av sporet og ned i en myr og en stor del av møblene ble ødelagt.

10.12. 2 av kjempekanonene til batteriet i Auamotlandsmarken er no kommet (i dag). De veier hver 142 tonn og har 12 hjul-par. De kommer fra Narvik. 2 til ventes.

Møtte i dag en tropp Opstad-fanger på marsj til «kanonanlegget». De kom traskende i øsregnet uten oljetøi – stakkars folk.

13.12. I går «kom» de to siste kjempekanonene til anlegget i Auamotlandsmarkjo. Underoffiser som hadde ansvaret for dem, var nervøs og sint og tåpelig – folk fikk ikke komme i nærheten. I hele natt har det vært arbeidet både ved kanonstillingene og på Hanaberje.

15.12. Olaf Høyland, Båden blir drevet vekk fra gården av tyskerdævlene. Mandag må han være vekk – det heter så smukt: Foreløpig for 4 dager. Vinduer og dører skal settes åpne (kjempekanonene skal prøveskytes). Og selv sagt blir så huset herjet av tyskerpakket – vi kjenner den historien.

19.12. Prøveskyting av kanonene i Auamotlandsmarken i går. Det skangret i vinduene, men ellers ikke så svært heller.

20.12. Også i går holdt prøveskytingen på uten andre skader enn at barometer og lignende løse gjenstander valset av veggene her og der.

28.1. En mine sprang i Hanaberget om formiddagen.

30.1. Hjemme. En fæl dag.

Den tyske admiral var i dag på Nærbo. Han overnattet i en sovevogn med stor vakt.

Kom her mandag kveld. Mandag kveld brann i en tysk vaktvogn på jernbanestasjonen på Nærbo. Tyskerne hadde satt fyr med en petroleumskanne som exploderte.

Et par drønn av kjempekanonene i dag.

9.2. I marken hjemme bygger tyskerne no en hytte som de sier skal være arrest.

18.2. I går kjørte tyskerne «hjem» til Auamotlandsmarkjo med 2 lass med lænestoler samt radioapparat.

SØRLANDSBANEN

Jærbanen som vart opna i 1878 frå Stavanger til Egersund, seinare til Flekkefjord, var smalspora (som Ålgårdsbanen like til han vart nedlagd). Tyskarane forserte arbeidet med jernbaneanlegget for å knytte spora saman til Kristiansand og Oslo. Samstundes vart banen ombygd til breidare sporvidde.

Frå sitt nære naboskap med jernbanen og som dagleg passasjer, har Aanestad jamt sine kommentarar til verksemda. I dagboka finn me også nokre opplysningar om opninga av den nye Sørlandsbanen. Den første her er frå fredag den 10. mars 1944.

Grunnen til, at vi ikke ennu – og sannsynligvis ikke på lang tid, får Sørlandsbanen åpnet skal være, at alt materiell er satt inn på Nordlandsbanen til transport av soldater til Oslo, hvor 20 båter sies å ligge parat til å føre soldatene videre til Riga. -Meget sannsynlig.

31.3. 2 ganger passkontroll på toget i går kveld. Først mellom Stavanger og Sandnes og så på Hognestad hvor det myldret av soldater med ladte geværer omkring toget – adskillig dramatik. Det skulle være en rømt tysker de lette etter.

26.4. I dag er det meste av de gamle godsvogner samlet i «Lighuset» sør for Gandal. På en eldgammel maskin står skrevet med kritt: Hvil i fred.

Fredag, lørdag og søndag skal det være stans. Mandag såkaldt offisiell åpning av banen.

29.4. Første bredspore tog forbi: 2 lokomotiv, 1 rammevogn, 2 boggier og en stutt konduktør-



Korn i stakk ved jernbanelina. Utsyn mot Gjerdå og Kuhagen i sør.

vogn – prøve og belastningstog. Om kvelden sydover igjen.

30.4. Mange tog frem og tilbake med de underligste museumsgjenstander av vogner.

Mandag 1.mai

Mange tog i natt. Mange tog frem og tilbake i dag. Åpningstog var nokså almindelig, men det var både salongvogn, sovevogn og spisevogn med.

2.5. Falkenhorst og generalene i Kristiansand og Stavanger var med åpningstoget i dag. Først gikk et «åpningstog» med arbeidsformenn m.v. De «innbudte» fikk medelelse om at uteblivelse ville bli betraktet som sabotasje.

Dette første tog skulle nok være støtfanger for eventuelle sabotasjehandlinger. Hvor de må være redde de herrer generaler. Terboven og Quisling var ikke med. Etter åpningstoget gikk et enkelt lokomotiv med stasjonsmesteren.

I dag første dag på bredsporet bane. Gamle og fillete, men gode vogner.

6.5. Under jernbanens «åpning» syntte Sandnesfolket Norsk holdning – ikke et menneske på gaten. Stavangerne derimot var lortfanter – mengder av folk ute og glante.

Søndag 28.mai, pinsti

I går kveld grenseboerbeviskontroll (tysk) på toget.

5.6. I dag kom første nattog fra Oslo. Det hadde bare 5–6 passasjerer – også tyskere medregnet.

24.8. Rykter om at tyskerne skal beslaglegge hele jernbanen i ca. 14 dager. Det må være evakuering i stor stil. Alle konvoier de siste dager går bare sørover. På Sola pakker alle sammen klar for avreise.

6.9. I går gikk et stort tysk ekstra godstog med en mengde biler o.a. sydover.

7.9. Et tyskertog fra Varhaug til Klepp hadde med seg en uhyre mengde rabe – 15 vogner – i går kveld.

18.10. Det er stadig vill forvirring med toggangen på grunn av de lange tyske godstog som går natt og dag med bl.a. røvede norske biler. Får bare håpe at de aldri kommer til Tyskland.

21.10. Hjemme på grunn av de fortvilte reiseforhold. 9.11. En hel del jernbanefolk samt 1 maskin skal

reise herfra til Trondheim distrikt for å delta i evakuering av norske og tyskerdævler fra Nord-Norge. – Meget stille. Ikke en lyd er å høre hele nettene og kveldene.

- 4.12. Det går nu ekstra godstog – tyske – hver natt. Skal gå i 14 dager. Det er antagelig vekktransportering av utrustning m.v. – til das Vaterland?
- 16.12. I dag maskinskade, så vi ble stående ca. 2 timer ved Orstad før det kom hjelpemaskin. Også Osloetog maskinskade, så det måtte sendes maskin herfra til Kristiansand. Hele materiellet er under et kriminelt lavmål – livsfarlig for maskinfolkene.
- 8.2. I går skjøt man opp 3 kasser dynamitt i Tveråen (for jernbanen) og i natt 2 kasser i Håelven (for jernbanen). Vakt i natt for isskruing ved bruene.
- 27.2. I dag ble 1 benzin- og en oljevogn i godstoget sørover skutt i brann av et brittisk fly mellom Varhaug og Vigrestad. Ingen mennesker ble skadd – heller ikke banelegemet.
- 28.2. Det var 1 olje-, 1 benzin- og en G.vogn som ble skutt i brand mellom Varhaug og Vigrestad på nordgående godstog. Etter forelydende var det korn i G-vognen. En av maskinpersonalet og en konduktør ble ganske lett såret. Maskinens tender ble gjennomhullet og måtte tettes med treplugg.
- 5.3. Brittiske fly la i dag morges kl. 8 to tidsinnstilte bomber ved jernbanebruene sør for Bru-sand. Togtrafikken forbi stedet ble stanset til om kvelden i 5–6-tiden, da russiske fanger – sies det – ryddet vekk bombene.

TJUVERI OG REKVISISJONAR

1944

- 18.2. Egg og hønsetyverier i mengde i Nærbø. En stor del skyldes nok det tyske pakk vi no har i bygden. På Kaffihodl forsvant således 70–80 egg. Eipar tyskere dro også iveri med en hel del egg, men nektet selvsagt, at det var de, som hadde stjålet.
- 21.3. På Jæren øker tyveriene av sauer og alt mulig. Det er nok forente anstrengelser av svarthandlere, stinkrotter og tyskere som er årsaken.
- 27.5. Atter har tyskerne røvet hester: I Nærbø og Varhaug 6 hver, Time 8, Klepp 15, Hetland 12 o.s.v.
- 13.7. Tyskerne utover Jæren trenger seg nu inn på gårdene – tør ikke bo i barakkene. De forsøker seg med helt ulovlige rekvisisjoner og blir heldigvis tilbakevist i de fleste tilfeller. Også hester og kjerrer forlanger de helt ulovlig.
- 1.9. Tyskerne fortsetter å herje omkring på gårdene og røve gammel malm og jern. De bare tar og gir flygende kjeft. I dag var Ole Varhaug Husvegg innkaldt til Gestapo – han hadde forsøkt å hindre at tyskerne, helt ulovlig, trengte seg inn i hans hus.
- 1.10. En tysker skjøt fredag kveld en kvige i nærheten av Hognestad. Han trodde det var en spion, sa han, og anropte den flere ganger uten å få svar. – Og så vilde han naturligvis kjøpe slaktet etterpå, tenk ikke det og.
- 1.12. I går kveld i det fine måneskinn holdt en tysk smalatjuv på og stal en sau hos klokker Haga.

Han fikk drept sauene og skulle stikke av med den pr. dressin, men ble oppdaget. Så møtte han linjevisitasjonen, ble redd og tok til pels vestover. Haga fikk igjen den drepte sauene og politiet foretok ransaking i tyskerleiren. Han blir sikkert fakkert.

- 12.1. Sauetjuene hos klokker Haga er no tatt av det tyske politi. En meget sint herremann av dette politi møtte opp på Nærbø – rev i stykker pass, opptrådte brautende og tåpelig inne på handelslaget, hvor han mente seg tilsidesatt ved ekspederingen. – Tyskerne var ikke noen annenrangs mennesker – de hadde første rett til å bli exp. tordnet han.

Klokker Haga fikk bl.a. det spørsmål om han ikke trodde Wehrmacht greidde å ta en tju, hvortil Haga svarte, at han tvilte ikke på, at de hadde midler til det.

HUMOR OG KVAR DAGSHENDINGAR

I dagboka finn ein nokre få innfletta vitsar og humoristiske episodar. Oftast sterkt farga av antihaldningar til okkupasjonsmakta, og for ein stor del utan varig kvalitet. Replikane vart sjølvsagt oppfatta heilt annleis midt i hendingane enn det dei vert av oss som lesarar 50 år etterpå. Fleire har direkte brodd mot tyskarane. Dagboka er frå siste krigsåret, og me kan vel rekna med at stoffet også er ei avspiegling av krigssituasjonen slik han teikna seg for bygdefolket.

En tysker forteller nylig denne historie: Gøbbels var i Norge og spurte, hvordan den politiske opfatning var innen vedkommende kompani. Jo, men-

te kompanichefen, 40% er kommunister, 40% sosialister og 20% forskjellige andre partier. Ja, men nasjonalsocialister da, spurte Gøbbels. – Det er vi allesammen, svarte kompanichefen.

En god, laget historie:

Ved en defilering av hirdkadrer i Oslo, stod det en eldre kone og vinket ivrig til «hirdmennene» etter hvert som de dro forbi. En glødende N.S.'er så dette og hilste på konen og sa, at hun var vel en ekte N.S.'er som hadde så mange bekjente i hirden.

– Å nei da, svarte hun, jeg har vært vaskekone på Botsfengslet i 25 år, så jeg kjenner dem alle sammen.

Siste vits: Hitler telegraferer til Sola at alle fly skal komme til Tyskland. Svartelegram: Begge to?

Ny vits: Våpenstillstand lørdag, søndag og mandag på Vestfronten. 3 tyske divisjoner skal hjem og konfirmeres.

Ny vits: En kunde spør etter noe på et Apotek. Desverre – kunne ikke skaffes før etter krigen. Kunden ville gå, men ble stanset: Versågod, bare ta plass så lenge.

Denne spelar på Sveits si rolle som nøytralt land: En britisk flyver over Sveits får telefon fra jorden: Du er over nøytralt område! Svar: Eg vett de. En tid etter fra jorden: Nu skyter vi. Svar: Eg vett de. Så skytes der – 1 000 meter for høyt. Flyveren telefonerer til jorden: Dokke skjyde 1 000 meter for høgt. Svar: Me vett de!

Ein med meir jærsk snert:

En tysker gratulerte en Madlamann med, at han var så heldig at hans hest ble tatt no – den skulle bli hos mannen til invasjonen kom. – De ska vel ha 'an te lighest då, svarte mannen.

Det ser ut til å ha sirkulert replikkar og småanedotar knytta til kjende personar. Slik må ein vel sjå overskrifta til den neste knytta til den kjende Gjesdalbuen Sven Søyland:

En Sven Søyland-historie:

Herredstyret i Gjestal. Man spør om ikke vaktgåingen nu kan oppheves.

Svein: He eg anledning te uttala meg?

– Joda!

– Ja eg vil bara seia dæ, at eg totte dæ va så kaldt å ulianne opp med Straumsbruno at eg liga så væl sette vakto på Vaulabruno, å eg trur kje svinepelsane he forstanne noge gale.

Me tek og med 2–3 kvardagsepisodar frå sommaren og hausten 1944. Først ei tragisk hending. Dagboka nemner fleire slike. Det var krig, det må me ikkje gløyma!

7.5. *I natt har Odd Skjærpe og en til sittet i arrest hos tyskerne. De var i bryllup på Salte og hadde ikke grenseboerbeviset med seg. En annen gutt ble myrdet på veien. Han var pas-sivisiteret 2 ganger og opførte seg dumt – bare løp da tyskerne for tredje gang ville ha fatt i ham. De er aldeles spinningalene.*

13.5. *Gravferden til den av tyskerne myrdede Jonas Salte igår fikk en enorm tilslutning. Mellom 1200 og 1500 mennesker fra hele Jæren deltok.*



«Bondevennen» tok seg titt ein heiatur. Det likte han godt. Her er han i heia omgitt av ein heil flokk «budeier».

I høve til den neste må ein koma i hug at det i den tida var mange psykiatriske pasientar i privat forplei-ning utover bygdene. Den vanlege nemninga på desse var «galne». At H.Aa. her først har talet 3, dagen etter 5, syner nok berre at han skreiv ned det han høyrde og korrigerste etterkvart.

10.5. *I går ble 3 «galne» på Nærbø arrestert!! Hvem mon er galnest?*

11.5. *Tyskerne holder fremdeles på med nattlige husundersøkeleser over store deler av Jæren. I Nærbø har de tatt 5 galne og ført til Kvar-teret på Pollestad. De ble undersøkt av tysk lege før de slapp løs.*

12.5 *Det ble rene farce med de 5 galne som tys-kerne arresterte i Nærbø. I Salteskogen stakk en av dem vekk, og mens tyskerne for etter*

ham, spredte de 4 andre seg som en smala-flokk så de bolde krigere hadde en svare sjau med å få hjorden samlet igjen.

– Hadde dæ endå vore nogå tufsinga, sa en Nærbøbue, men di va ravgalne, så adle måtte sjå det.

Så eit par guttestreker, kanskje med litt alvorligare undertonar:

10.5. *På Varhaug hadde noen guttunger slått istyk-ker 41 isolatorer på den tyske telefonlednin-gen. Varhaug er nu pålagt såkalt «borger»-vakt, 1 mann pr. kilometer mellom Varhaug og Vigrestad døgnet rundt – d.v.s. 20 mann pr. døgn i 4 uker – helvetes tyskerpakk.*

19.5. *I Nærbø stjal noen guttunger en granat fra tyskerne og skulde saluttere 17. mai. Heldig-vis gikk den ikke av. Gestapo tok guttene i forhør. Hovedmannen fikk en kraftig lusing og så ble de sendt hjem igjen.*

11.6. *Stille i luften, men om morgenen ble det kastet et helt lass flyveblader på Nærland-Refsnes. 2 unge gutter som knabbet en pakke, ble arre-stert av tyskerne. En gårdbruker kappsprang med ei ku, men kua ble først og slukte flyve-bladet. De inneholdt bare Eisenhowers og Kong Håkons taler.*

12.6. *De to arresterte gutter ble frigitt i dag med en advarsel om at det ikke måtte gjenta seg.*

27.9. *Intet særlig lokalnytt. Rektor Øverås' sønn kom idag fra Grini med hilseener bl.a. fra Aug. Skjærpe som fremdeles stiller med grisene.*

15.11. *I går kom August Skjærpe hjem fra Grini –*

*tiljublet av ongane i gadå og meget folk for-
resten.*

16.11. *Snakket i dag med August Skjærpe – han kunne ikke fortelle noe.*

Denne og den neste kan trygt stå utan kommentar:

7.9. *Søndag natt trodde en tysker på ungdomssko-len Nærbø at han hørte tyske rop om hjelp og satte himmel og jord i bevegelse for å finne ut hva det var. – Det syner seg at det var Sven Gausland som gapte til kyrne, de var kommet i hveten.*

9.9. *For etpar dager siden kom en mann cyklende sørover postveien. Omtrent ved Salte møtte han et kvinnfolk på nordgående, hun hadde et barn i en barnepose. Akkurat da de passerte hinannen, fallt barnet ut av posen og mannen skyndte seg og tok det opp. Det var så underlig stivt syntes han og så viste det seg å være en lammeskrott utstyrt med armer og hender, hue o.s.v. Kvinnfolket sutret og gråt, men fikk «barnet» anbragt i posen igjen og syklet glad videre.*

Frå dei aller siste oppteikningane frå boka:

3.3. *Tyskerne i Nærbø tror det er slutt straks på krigen. Når det går dårlig for tyskerne, er de saktmodige og greie. Men så snart tyskerne synes å vinne seg litt ovenpå, blir de hovne og umulige med en gang: Ekte tysk nazisme-tak-tikk.*

12.3. *Tyske soldater på Jæren venter bare på at kri-gen skal bli slutt – for enhver pris.*